

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
064/2017	Formannskapet i Radøy	PS	19.10.2017
051/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	26.10.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/764	17/12054

### Felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Meland og Radøy

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

I 2015 starta eit prosjekt for å sjå på om det var grunnlag for eit felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Radøy og Meland. Prosjektet har vore eit utviklingsprosjekt, men sikte på å implementere felles elektroniske verkty og rutinar i dei tre kommunane. Prosjektet starta opp før det var fatta vedtak om kommunesamanslåing i dei tre kommunane. Når det vart vedteke samanslåing av Meland, Radøy og Lindås, vart målet for prosjektet endra frå å «*Levere eit beslutningsunderlag til rådmennene (styringsgruppa) for etablering av eit felles lønns- og rekneskapskontor for Radøy, Meland og Lindås med Lindås kommune som vertskommune frå 01.01.2017.*» til å «*Etablere eit felles løns- og rekneskapskontor for Radøy, Meland og Lindås med Lindås kommune som vertskommune frå 01.08.2018.*».

Styringsgruppa består av dei tre rådmennene i Meland, Radøy og Lindås. Prosjektgruppa består av økonomisjefane i dei tre kommunane, avdelingsleiar for løn- og rekneskap i Lindås og ein HTV som er valgt av dei tilligsvalgte for å representere alle dei tre kommunane. Dei tilsette på løns- og rekneskapsavdelingane i dei tre kommunane har vore med på å utarbeide mal for kva verkty som skal nyttast ved det nye kontoret. Det er dei tilsette som står for implementering av dei elektroniske verktya og opplæring av organisasjonane i bruken.

Framlegg til organisering av samarbeidet har vore drøfta med dei tillitsvalgte i dei tre kommunane. Styringsgruppa, bestående av rådmennene i dei tre kommunane, vurderer at eit nytt felles løns- og rekneskapskontor bør organiserast etter kommuneloven §28 -1b, administrativt vertskommunesamarbeid.

Heimel for samarbeid, kommunelova § 28-1 b):

1. En kommune (samarbeidskommune) kan avtale med en annen kommune (vertskommune) at vertskommunen skal utføre oppgaver og treffe avgjørelser etter delegert myndighet fra samarbeidskommunen i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning.
2. Bestemmelsen i nr. 1 gjelder tilsvarende for vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommuner.
3. Delegasjon av myndighet som nevnt i nr. 1 skjer ved at kommunestyret eller fylkestinget selv gir instruks til egen administrasjonssjef om delegasjon til administrasjonssjefen i vertskommunen.
4. Folkevalgte organer i vertskommunen har ikke instruksjons- eller omgjøringsmyndighet der delegasjon er skjedd i samsvar med nr. 3.
5. En samarbeidskommune kan gi vertskommunen instruks om utøvelsen av den delegerte myndighet i saker

som alene gjelder samarbeidskommunen eller berørte innbyggere.

6. For vedtak vertskommunen treffer etter delegasjon fra en samarbeidskommune, har samarbeidskommunen samme omgjøringsmyndighet som etter forvaltningsloven § 35 første ledd.

### Kommunelova § 28-1 e. Samarbeidsavtalen

1. For et vertskommunesamarbeid skal det opprettes en skriftlig samarbeidsavtale. Avtalen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv. Endringer i avtalen som gjelder forhold som omtalt i nr. 2 og 3, skal skje på samme måte.

2. Samarbeidsavtalen skal inneholde bestemmelser om:

- a) angivelse av deltakerne og hvilken av disse som er vertskommunen,
- b) hvilke oppgaver og hvilken avgjørelsesmyndighet som skal legges til vertskommunen,
- c) tidspunkt for overføring av oppgaver og avgjørelsesmyndighet,
- d) underretning til deltakerne om vedtak som treffes i vertskommunen,
- e) det økonomiske oppgjøret mellom samarbeidskommunene og vertskommunen,
- f) nærmere regler for uttreden og avvikling av samarbeidet,
- g) annet som etter lov krever avtale.

3. I avtale om vertskommunesamarbeid med felles nemnd skal avtalen også inneholde bestemmelser om antall representanter i nemnda fra den enkelte deltaker.

4. I et vertskommunesamarbeid mellom kommuner skal vertskommunen orientere fylkesmannen om etableringen av samarbeidet. I et vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommuner skal vertskommunen orientere departementet om etableringen av samarbeidet.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Nytt felles løns- og rekneskapskontor vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §28 -1b mellom Lindås, Meland og Radøy med Lindås kommune som vertskommune. Det nye felles kontoret trer i kraft frå 01.08.2018.
2. Kommunestyret instruerer rådmannen til å delegere mynde til rådmannen i Lindås kommune.
3. Kommunestyret vedtek samarbeidsavtalen mellom Lindås, Meland og Radøy.

### **Formannskapet i Radøy - 064/2017**

#### **FS - handsaming:**

Anne Berit Bø Palmesen (SP) reiste spørsmålet om ho på grunn av nært slektskap er ugild i handsaminga av denne saka. Formannskapet kjende Bø Palmesen ugild, og ho deltok difor ikkje i handsaminga.

Rådmann Jarle Landås orienterte i saka. Han viste til at saka om felles løn- og rekneskapskontor vart sett igang før vedtak om samanslåing av dei tre kommunane vart gjort. Ettersom det framleis er over to år til Alver kommune er ein realitet, har ein sett det som fornuftig å eit vertskommune-samarbeid med Lindås kommune som arbeidsgjevar. Ialt fire stillingar blir overført frå Radøy til felles løn- og rekneskapskontor, som skal vera i drift frå hausten 2018.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

1. Nytt felles løns- og rekneskapskontor vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §28 -1b mellom Lindås, Meland og Radøy

med Lindås kommune som vertskommune. Det nye felles kontoret trer i kraft frå 01.08.2018.

2. Kommunestyret instruerer rådmannen til å delegere mynde til rådmannen i Lindås kommune.
3. Kommunestyret vedtek samarbeidsavtalen mellom Lindås, Meland og Radøy.

### **Kommunestyret i Radøy - 051/2017**

#### **KS - handsaming:**

Anne Berit Bø Palmesen reiste spørsmål om ho er ugild i saka på grunn av nært slektskap. Kommunestyret erklærte Bø Palmesen ugild, og ho deltok ikkje i handsaminga av saka.

Rådmann Jarle Landås orienterte og sa at det vil vera hensiktsmessig å gå saman om nokre tenester også ny kommune er etablert frå 1.1.20. I tillegg til løn- og rekneskapskontor vert det også felles barnevernkontor for dei tre kommunane frå neste år, med Radøy kommune som vertskapskommune. Lindås kommune blir vertskapskommune for felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Meland og Radøy, som etter planen skal vera i drift i august 2018.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

#### **KS - vedtak:**

1. Nytt felles løns- og rekneskapskontor vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §28 -1b mellom Lindås, Meland og Radøy med Lindås kommune som vertskommune. Det nye felles kontoret trer i kraft frå 01.08.2018.
2. Kommunestyret instruerer rådmannen til å delegere mynde til rådmannen i Lindås kommune.
3. Kommunestyret vedtek samarbeidsavtalen mellom Lindås, Meland og Radøy.

#### **Vedlegg:**

Samarbeidsavtale løn og rekneskap

Drøfting av notat om prosess felles løn og rekneskap Lindås Meland Radøy. 07/9 2017